



Fonna Forlag

PRESSEMELDING
JULEHEFTA FRÅ FONNA FORLAG 2011

Vangsgutane

INGENIØR
KNUT BERG

Framsiden og nokre illustrasjonar frå hefta finn ein under på heimesida www.fonna.no. Der finn ein også meir bakgrunnsstoff.

Vangsgutane 2011. 70 år sidan første juleheftet.

I år feirar juleheftet om Vangsgutane 70 år. Det første juleheftet kom til jul i 1941. I år med ei nyskriven og nyteikna soge.

Vangsgutane 70 – års som julehefte. Det er grunn til feiring og ei varsam fornying av serien. I høve jubileet har heftet i år ei framside teikna av Karl Erik Harr og inne i heftet ei nyskriven og nyteikna historie om Vangsgutane; i ny layout. Forfattar er Sverre Årnes og teiknar er Ivan Andreassen. Den redaksjonelle artikkelen er skriven av Olav Thon, som kjenner seg att i serien. Kåre og Steinar Vangen er alltid ein inspirasjon for dei som vil noko, skriv Thon.

Den nyskrivne historia om Vangsgutane og Larris er lagt til åra 1940-1945, altså frå den tidbolken det første heftet kom. Det var vanskelege tider i landet og lite mat å få for nokon og kvar. På Vangen hadde dei likevel fått tak i ein grisunge som med tida skulle syta for julematen. Men den må løynast både for bygdefolka, landbruksinspektøren og tyskarane. Dette byr på store utfordringar for Vangsgutane, ikkje minst når Larris også får lyst på litt av juleflesket.

Elles inneheld juleheftet ein artikkel av Arthur Mo om historikken til Vangsgutane frå første til årets hefte. Trufaste lesarar får også sitt. Det blir gjensyn med ei soge frå 1964, skriven av Vangsgutane sin far, forfattaren Leif Halse og med teikningar av Bjarne Kristoffersen.

Ingeniør Knut Berg 2011.

Jordbuarane har kome til månen og vil byggja basar. Knut Berg lyt tilbake til Jorda for å hindra dette. Der møter han diktatur og konsentrasjonsleirar.

Heftet i år er opptrykk av hefte nummer 17 frå 1959. Teksten er som vanleg av Vigleik Vikli (Hallvard Sandnes) og teikning av Ronald Stone (Jostein Øvrelid). For å hindra diktatoren dr. Panga å vinna herredøme over Jorda med hjelp av basar på månen, lyt Knut Berg til Jorda for hindra dette og ta at ei flaske med livsens vatn som dr. Panga har fått tak i. Her møtar han utfordringar i Mount Everest og vert vitne til grufulle konsentrasjonsleirar. Ein god, klassisk science-fiction serie diktar med rot i notida om framtida. Historia i år, frå 1959, er farga av både siste verdskrigen og den kalde krigen etterpå.

For å vera a jour med sidetalet i førsteutgåva, har årets hefte med noko attåt. Det er serien om **Ola Nordigard**, ein serie frå 1940 – åra. Serien vart skriven av Erling Moen og teikna av Arne Wold. Serien skildrar dei sosiale motsetningane i ei bygd i mellomkrigstida.

Kontor: Underhaugsveien 9A, 0354 Oslo
Post: Boks 6912 – St.Olavs pl, 0130 Oslo
e-post: post@fonna.no

Telefon: +47 22 69 10 10
Mobil : +47 95 10 96 15
www.fonna.no

Bank: 8101.07.00116
Org.nr: 911 752 905